



## Innkalling til Utval for levekår

**Møtedato:** 03.09.2019  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 09.00

Medlemmene i Utval for levekår vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

### Sakliste

Saknr	Tittel
25/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
26/2019	Godkjenning av møteprotokoll
27/2019	Referatsaker
28/2019	Uttale til salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - KIWI 810 Holme
29/2019	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn
30/2019	Orientering status drift i heimetenesta og sjukeheim
31/2019	NAV - orientering om Gründersporet
32/2019	Kulturprisen 2019
33/2019	Orientering om status - Meieriet Frekhaug
34/2019	Framtidig plassering av Elias Mjåtveithuset
35/2019	Orientering -realfagsprosjekt
36/2019	Statusrapport prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019
37/2019	Orientering helsetilbod barn og unge
38/2019	Aktuelle saker

27. august 2019

Sølvi Norunn Knudsen  
leiar

Randi Helene Hilland  
konsulent

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/1474

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
25/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/1474

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
26/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Utval for levekår - 28.05.2019

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 28.05.2019 vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/1474

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
27/2019.1	Badeplassundersøking 2019
27/2019.2	TV-aksjonen 2019 - om å engasjere skolene

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA-U62, TI-&18	19/1664

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
28/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Uttale til salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - KIWI 810 Holme

### Vedlegg:

Salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - KIWI 810 Holme

Følgjebrev - Tilleggsinfo til søknad - vedlegg10

Søknad om salgsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 - offentleg versjon

Teikning av lokale - vedlegg7.pdf

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utval for levekår er i skriv frå rådmannskontor datert 15.08.19 beden om å gje uttale i høve til søknad frå NG KIWI Vest AS om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 – KIWI 810 Holme. Oppstart er i søknad opplyst å vere frå 17.10.2019.

Ein viser til vedlegg i saka.

#### Vurdering

Salsløyve gjeld utsalsstaden KIWI 810 Holme, Melandsvegen 6, 5918 Frekhaug. KIWI 810 er ein ny daglegvarebutikk.

Ein har ingen merknad til saka jamfør gjeldande alkoholpolitiske retningsliner.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

#### Konklusjon

Ein har ingen merknad til saka jamfør gjeldande alkoholpolitiske retningsliner.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår har ingen merknad til søknad frå NG KIWI Vest AS om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 – KIWI 810 Holme.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA-H43	18/2448

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
29/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

## **Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn**

### **Vedlegg:**

Vedlegg 1 - Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn

Vedlegg 2 - Tjenestebeskrivelse Kriesesenter for Bergen og omegn, revidert 24.05.2019

Vedlegg 3 - Oversikt over kommunens kontaktpersoner

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Viser til gjeldande avtale vedtatt i Meland kommunestyre sak 116/10, og deretter fornya i sak 22/2014. Etter denne avtalen er oppseiingstida 1 år med avsluttning 31.12 påfølgande kalenderår.

Foreningen Kriesesenteret for Bergen og omegn har hatt kontrakt om drift av kriesesentertilbod for Bergen kommune og omegnskommunar. Denne avtalen har vore forvalta av Byrådsavdeling for helse og omsorg. Avtalen var gjeldande fram til 31.12.18.

Byrådet i Bergen kommune vedtok 18.09.18 at kriesesentertilbodet skulle driftast i kommunal regi frå 01.01.19. Dette førte til at Bergen kommune ved Byrådsavdeling for sosial, bustad og inkludering (BSBI) frå januar 2019 overtok drifta av kriesesentertilbodet.

BSBI har i tråd med måla for kriesesenter i kommunal regi erfart behov for tenestemessige forbetringar. Det er og behov for å inngå ny samarbeidsavtale for det administrative samarbeidet mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunane.

#### Aktuelle endringar i ny samarbeidsavtale:

- Opphaldstida skal vere avgrensa, strengt behovsprøvd samt at det skal vere betalingsplikt for deltakarkommunane for opphald over 6 veker. Kvar einskild kommune er forplikta til å bistå med å reetablere brukar/ane i eigen/annan kommune.
- Deltakarkommunane skal sjølv gje tilbod til personar som er til fare for seg sjølv og andre.
- Det skal vere hyppigare samarbeidsmøter enn tidlegare. Det skal vere minimum 3 møter i året – 1 på overordna nivå og minimum 2 samarbeidsmøte på anna nivå.

- Oppseiingstida vert utvida frå noverande 1 år til 4 år. Det er og plikt for alle samarbeidskommunar til å delta på aktuelt møte for å drøfte konsekvensar ved eventuell oppseiing frå ein eller fleire deltakarkommunar.
- Deltakarkommunane pliktar å delta i arbeidet med å utarbeide rutiner for samarbeid med Krisesenteret, koordinering med meir.
- Deltakarkommunane plikter å peike ut kontaktpersonar for juridisk forvaltning av avtalen samt for respektive fag/tenesteområder der det vert ytt teneste frå Krisesenteret.
- Ny samarbeidsavtale presiserer at deltakarkommunane sjølv skal sørge for tilrettelagt undervisning, skuleskyss, helsetenester etter helse- og omsorgstenestelov med meir.
- Bergen kommune v/Krisesenter for Bergen og omegn skal utarbeide framlegg til administrative og operative rutiner for samarbeidet. Framlegg skal drøftast i samarbeidsmøter med deltakarkommunane.

Samarbeidsavtale om vertskommunesamarbeid skal vedtakast av kommunestyret i kvar einskild deltakarkommune. Etter at alle deltakarkommunar har utført aktuelt vedtak vert det innkalla til oppstartsmøte innanfor ny avtale.

### Økonomi

Meland kommune betalte eigenandel for 2018 med om lag kr. 336.000,-. Eigenandel for 2019 er budsjettert med tilsvarande sum.

Bergen kommune melder at noverande vurderingar tilseier samla meirkostnad for Krisesenteret for Bergen og omegn med om lag kr. 800.000,-. Av dette er kr. 500.000,- eingongskostnad. Det er her meldt noko usikkerhet knytta til endeleg rekneskapstal. Aktuell meirkostnad vert delt mellom samarbeidskommunane jamfør tidlegare avtale/fordelingsnøkkel.

Døgnpris for opphald over 6 veker skal fastsettast administrativt innanfor den delegerte fullmakt til administrasjonen som følger av vedtaket. Bergen kommune, som vertskommune, vil søke å fastsette døgnpris etter drøfting med samarbeidskommunane.

Eventuelle kostnader knytta til avviking av avtalen med Foreningen Krisesenteret for Bergen og omegn kan kome i tillegg.

### **Vurdering**

Samarbeidsavtalen (vedlegg) er ein avtale etter kommuneloven §28-1 a. og 28-1 b., jf. §28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar om krisesentertilbod jamfør Lov av 19.6.2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod [Krisesenterlova](#)

Rådmann vurderer det som tenleg å halde fram samarbeidet om krisesentertilbod, og slik sikre formål i lova med omsyn til «...å sikre eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.»

Det er per tid 22 deltakarkommunar som samarbeider med Bergen kommune om drifta, og rådmann er positiv til at Bergen kommune har teke avgjerd om å drifte krisesentertilbodet i kommunal regi. Ein ser det og som føremålstenleg å gjere endringar i samarbeidsformer, prosedyrer med meir, samt presisere ansvarsdeling mellom vertskommune og samarbeidskommunane. Ein viser her mellom anna til «Tjenestebeskrivelse – Krisesenter for Bergen og omegn» (vedlegg).

Meland kommune er i prosess med kommunesamanslåing. Ein legg her til grunn at samarbeidsavtalen om krisesenter for Bergen og omegn vert vidareført i Alver kommune. Dette då det som utgangspunkt vil gjelde eit kontraktsrettsleg kontinuitetsprinsipp ved kommunesamanslåing. Dette vil sei at rettar og plikter etter avtalar/kontraktar som kommunen har inngått vert overført til den nye kommunen sjølv om denne er eit nytt rettssubjekt.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

### **Konklusjon**

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn vert vedtatt av kommunestyret jamfør kommunelova § 28-1 e.

Rådmann tilrår at Meland kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen slik den ligg føre (vedlegg). Kommunestyret gjev rådmann fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peike ut aktuelle kontaktpersonar som representerer kommunen.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn slik den ligg føre (vedlegg).

Rådmann får fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peiker ut aktuelle kontaktpersoner som representerer kommunen.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA-G73	19/1095

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
30/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Orientering status drift i heimetenesta og sjukeheim

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Viser til Utval for levekår møte 28/5 sak 18/2019.

Utvalet ønskjer å få ei oppdatert orientering om status drift innan heimetenesta og sjukeheim.

Tenestemrådeleiarane for sjukeheim og heimetenesta vil gje ei orientering, og aktuell presentasjon vert utdelt i møte.

#### Konklusjon

Tenestemrådeleiarane for heimeteneste og sjukeheim vil gje ei orientering om status drift i møte.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om status drift for heimetenesta og sjukeheim til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam		19/1684

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
31/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## NAV - orientering om Gründersporet

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utval for levekår ønskjer ei orientering om status for Gründersporet.

Meland kommune har mellom anna fått tildelt midlar frå Regionalt Forskingsfond Vestlandet til å utvikle og teste ei alternativ introduksjonsordning for flyktningar – Gründersporet.

NAV vil gje ei orientering om Gründersporet, og aktuell presentasjon vert utdelt i møte.

#### Konklusjon

NAV vil gje ei orientering om Gründersporet i møte.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om Gründersporet til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Arnhild Kannelønning	FE-076	19/1505

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
32/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Kulturprisen 2019

### Vedlegg:

Retningslinjer for kulturprisen i Meland, vedteke i Utval for levekår 12.05.2015, sak 26/2015  
Oppsummering av nominasjonar til kulturprisen 2015–2019  
Kopi av avisartikkel  
Vedlegg

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kulturprisen for inneverande valperiode skal delast ut i år. Nominasjonsfrist var 15. august. Utlysing vart lagt ut på dei kommunale heimesidene og den kommunale Facebook-sida, i tillegg til sak i Avisa Norhordland.

#### Vurdering

Innkomne nominasjonar vert lagt fram i møtet.

#### Konklusjon

Kulturpris for Meland 2015–2019 er oppe til handsaming.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår vurderer nominasjonar i møtet.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA-D12, FE-614, TI-&47	19/725

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
33/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Orientering om status - Meieriet Frekhaug

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meieriet Frekhaug er under rehabilitering. Det er meldt ønske om å få ei orientering om saka.

#### Konklusjon

Kultursjef held ei orientering i møtet, om status for arbeida ved Meieriet Frekhaug.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne		19/1677

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
34/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Framtidig plassering av Elias Mjåtveithuset

### Vedlegg:

Rapport - Eliashuset

Elias-huset - ny plassering

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Husmannsplassen *Træet* på Mjåtveit, gbnr 22/15, var bustaden til dikteren, folkeminnesamlaren og spelemannen Elias Mjåtveit, fødd 2. april 1874. Elias Mjåtveit budde her fram til han døyde den 27. november 1957. Mjåtveit var ein sentral kulturaktør i Meland, og var mellom anna med i oppstarten av UL Solglytt, Meland Mållag og 17. mai-markeringane i kommunen.

Plassen på Mjåtveit vart etter kvart matrikulert som eige bruk, men står fram som eit relativt heilskapleg kulturmiljø som husmannsplass. Ein kjenner ikkje til andre ståande husmannsplassar i Meland. Stova står svært tett på eit nyare hus på garden og har vore lite brukt dei siste tiåra.

Interessentane Meland sogelag og Meland mållag har jobba over tid med å få tatt vare på stova, der eigar har søkt om rivingsløyve. I januar 2019 vart det gjennomført ei synfaring og tidleg vurdering med Gamle 3hus, med tilskot frå Meland kommune. Tilrådinga var å gjennomføre ei meir omfattande vurdering som grunnlag for vidare arbeid, dette vert gjennomført i august 2019 mellom anna med tilskot frå Meland kommune. Det har òg vore gjennomført oppmålingsarbeid og fasadeteikningar.

Eigar av stova har i sak 18/2283 fått rivingsløyve, med vilkår om:

- 1. Riving må skje i samråd med Meland Mållag og Meland Sogelag*
- 2. Meland Mållag og Meland Sogelag har frist fram til 25.05.2019 til å avklare og iverksetja ein tiltak – og gjennomføringsplan for overtaking og flytting av våningshuset\**

\*Nemnde frist er forlenga

Interessentane har spurd kommunen om det er høve for å setje opp att stova i Meieriparken på Frekhaug, som deira føretrekte alternativ. Det er lagt ned ein betydeleg frivillig innsats i arbeidet.

### **Vurdering**

Meieriet Frekhaug er under bygging etter vedtak i KS-25/2018, og inkluderer etablering av Meieriparken mellom Sjursethuset og sjølve Meieriet. Interessentane har peika på ei plassering like nordaust for Sjursethuset som ønskjeleg.

Denne plasseringa har nokre usikre moment, og må eventuelt kvalitetssikrast/prosjekterast. Det er bratt terreng ned mot Havnebrekka, og relativt nær bustadhus på gbnr 23/6. Stova har full loftshøgde, og vil ta utsyn frå delar av parken.

Interessentane har meldt at dei ønskjer å nytte huset til samlingar, kulturaktivitetar, konsertar og som mogleg skrivestove. Denne type bruk kan i utgangspunktet passe godt inn i Meieriprosjektet, der ein kan samle aktivitetar i fleire bygg. Området er vidare verna i kommuneplanens arealdel, med formål om å ta vare på det kulturhistoriske miljøet ved Frekhaug kai. Eigartilhøve og driftsstruktur for gjenoppsett stova er ikkje avklart på noverande tidpunkt.

### Omsyn ved Meieriparken

Meieriparken er utforma for å tene ulike målgrupper, frå småbarn til eldre, men med ulike fokussonar. For ungdomssegmentet er denne sonen lagt til området der interessentane ønskjer å kunne setje opp att stova. Fokussonen vil vere avgjerande for trygg og god drift av ungdomsklubb og avvikling av ungdomsarrangement, for å sikre at ungdom har ein attraktiv plass nær sjølve meieribyget. Ved å leggje til rette for ein sone for fysisk aktivitet og opphald i nærleiken av klubben, men noko unna gateløpet, søkjer ein å få til balansert sosial kontroll i uteområda. Her vert ungdom sitt ønskje om å kunne trekke seg tilbake balansert opp mot behov og ønskje for oppsyn frå vaksne tillitspersonar.

Etablering av stova og ulik aktivitet ved denne fokussonen vil påverke den omtalte balansen, og medføre risiko for at ungdom i større grad vil trekke lengre unna Meieriet ved klubbdrift og ungdomsarrangement. Andre plasseringar ved Meieriparken vil medføre at utsynet inn mot Osterfjorden vil verte betydeleg redusert.

### Kunnskapsformidling og alternativ plassering

Kommunen har kjend til problemstillinga knytt til framtidig bruk av stova sidan 2015, og vore i dialog om problemstillinga ved ulike høve. Flytting, rehabilitering og gjenreising av stova har vorte vurdert som det reelle høvet for å ta vare på bygget, og vil kunne vere med å gi framtidige generasjonar innsikt i både viktig kulturverksemd på Holsnøy i tidlegare tider og korleis levekåra var for husmannsfamiliar i regionen.

Ei generell ulempe ved flytting av verneverdige bygg er at konteksten ikkje lenger er til stades, noko som reduserer byggets pedagogiske verdi. Barn og unge kan ved ei plassering i Meieriparken ikkje få ei intuitivt innsikt i kor hardt livet var for dei aller fleste husmannsfamiliar og strandsitjarar, sidan stova ikkje lenger vil stå i sin opphavlege samanheng ved dei mindre bygningane og små jordstykkane i utkanten av Mjåtveitgarden. Ved dette omsynet vil ei plassering i kulturmiljøet kring Holmestova kunne vere betre eigna.

Ei alternativ plassering på Holme vil avhenge av ei rekke tilhøve, til dømes eige av grunn, tilkomst for køyretøy og universell tilgang, men vil kunne vere med å revitalisere det viktige verna og freda kulturmiljøet her. Bruk av stova til opphald for forfattarar og diktarar vil vidare kunne vere betre eigna på Holme.

Spørsmålet om plassering av Elias Mjåtveit-huset er i ein svært tidleg fase, der ein ikkje kjenner til framdrift, kostnad, finansiering, drift og eigarstruktur. Ein kan ikkje på noverande tidspunkt konkludere med klare alternativ, før fleire detaljar er kjend og konseptutforminga er komme lenger. Ei plassering i Meieriparken vil få negativ innverknad på ein sentral funksjon for Meieriet-prosjektet slik det var vedtatt i KS-25/2018, og Meieriet vil vere ferdigstilt før naudsynte detaljar kan ventast avklarte.

Det vert vurdert til at ein må komme tilbake til spørsmålet når interessentane og prosjektet har komme vidare i planlegginga og konseptutforminga.

### **Folkehelse**

Gjenoppsetting av Elias Mjåtveit-huset vil ha positivt innverknad på folkehelsa, gjennom aktivitet og kunnskapsformidling.

### **Miljø**

Saka har ikkje påverknad på miljøet på noverande tidspunkt

### **Økonomi**

Prosjektet om å sette opp att stova er i ein tidleg fase. Saka omhandlar ikkje økonomiske tilhøve.

### **Konklusjon**

Interessentane vil ta vare på eit viktig minne over ein betydeleg kulturaktør frå Meland, og den siste kjende ståande husmannsstova i kommunen. Det er lagd ned stor frivillig innsats i prosjektet. Førespurnaden om å få setje opp att stova i Meieriparken vert vurdert til ha negativ påverknad for ein sentral funksjon for Meieriet-prosjektet, og er ikkje tilrådd. Ein kan ikkje sikre seg naudsynt kunnskap før Meieriet er ferdigstilt. Ei plassering ved Holmestova kan vere eit mogleg alternativ. Stoveprosjektet er i ein tidleg fase, og ein bør vente på vidare utvikling i prosjektet før ein vurderer alternativ i detalj.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek saka til vitande.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Mette Marei Træland	FA-B0, FE-233	16/123

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
35/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Orientering -realfagsprosjekt

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har vore med i den nasjonale realfagsatsinga sidan 2016. Prosjektet vert avslutta i desember 2019.Strategien vart vedteke politisk. Barnehagar og skulane har vore med.

Representantar frå Realfagsnettverket kjem og presenterer eksemplar på korleis dei har jobba med realfag.

#### Framlegg til vedtak:

Utval for Levekår tek orienteringa om realfag til vitande.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA-B08	17/3016

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
36/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019
	Kommunestyret	PS	

## Statusrapport prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019

### Vedlegg:

Statusrapport Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø, august 2019

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommunestyre vedtok hausten 2017 at det skulle opprettast eit prosjekt som skulle fremme positivt oppvekst- og skulemiljø jamfør sak 35/2017 og 92/2017. I Kommunestyresak nr. 92/2017 ArkivsakID 17/1349 står det:

*«Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenesteområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17.*

*Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:*

*- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.*

*- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøte.*

*Prosjektarbeidet skal gje moglegheit for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond.”*

Utval for levekår har vore orientert om framdrift seinast jamfør sak 40/2018.

**Vurdering**

Prosjektet er no inne i sitt siste halvår, og prosjektleiar og prosjektansvarleg har utarbeida ein statusrapport (vedlegg) som skildrar innhald i prosjektet så langt og peikar fram mot avslutting av prosjektet samt overgang til Alver kommune.

Det vert gjeve ei orientering i møte.

**Konklusjon**

Det vert gjeve orientering om status for prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek informasjon om status for Prosjekt Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø august 2019 til vitande

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam		19/1676

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
37/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

## Orientering helsetilbod barn og unge

### Vedlegg:

Vurdering av tiltak for å gjere psykolog og helsesjukepleiartenesta meir tilgjengeleg

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Ein viser til Formannskapet 24. april sak 22/2019 og mogleg vurdering av tiltak for å gjere psykolog/helsesjukepleiartenesta meir tilgjengeleg for barn og unge.

Ordførar, leiar Utval for levekår, rådmann samt representantar frå administrasjon drøfta tema i møte 29.05.19. Ein har no invitert representantar frå Ungdomsrådet til å ta del i Utval for levekår sitt møte om tema.

Representantar frå tenesteområde Helse vil gje ei orientering om status og vurderingar for moglege kortsiktige tiltak. Komande kommunalsjef oppvekst Alver kommune vil gje ei orientering om aktuelle vidare satsingsområde.

### Konklusjon

Tenesteområde Helse samt komande kommunalsjef oppvekst Alver kommune vil orientere i møte.

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om helsetilbod barn og unge til vitande.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/1474

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
38/2019	Utval for levekår	PS	03.09.2019

**Aktuelle saker**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**